

Hovden grendehus:

Tysdag 9. mai

kl.16.30 - Richard Storken og den mystiske juvelen



kl.18.30 - Guardians of the Galaxy vol. 3

Bykle samfunnshus

Laurdag 6. mai

kl.16.30 - Richard Storken og den mystiske juvelen

kl.17.00 - Guardians of the Galaxy vol. 3



@BYKLE_KOMMUNE



Bykle kommune

er nå bruker av den nye innbyggerportalen.

LAST NED OG PRØV



JEGERPRØVE



Bykle Jeger og Fiskeforening arrangerer 30 timers jegerprøvekurs på Hovden over 2 langhelger:

19.-21. mai + 2.-4.juni

Kurset er åpent for alle!
 Medlemspris 3000.-/ordinærpris 3500.-
 For mer info og påmelding, kontakt Bjørn Einar:
 Epost: bjorn.einar.andersen@outlook.com
 Mobil: 94505149

Følg Bykle kommune på
facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Mai 2023 34. ÅRGANG | OPPLAG 548



Kl. 08.00 Flaggheising ved Bykle rådhus og Aldersheimen ved Bykle KFUM/KFUK

Kl. 09.45 Bilkortesje går frå Bykle samfunnshus til Hovden. Pynt gjerne bilen!

Kl. 10.15 Flaggheising i Hovden sentrum ved Bykle KFUM/KFUK

Kl. 10.15 Oppstilling for folketog i Hovden sentrum

Kl. 10.30 Toget går opp riksveg 9, inn Skulevegen, og ned til parkeringa på Hovden grendehus

Kl. 11.00 Korpset spelar, ungdommens tale foran Hovden grendehus

Kl. 11.15 Matsal, leikar og moro ved grendehuset

Kl. 14.30 Kulturprogram:

- Korpset spelar
- Utdeling av kulturpris og utviklingsstipend
- Tale for dagen v/Thomas Moen
- Fleire musikkinnslag
- Premieutdeling leikar

Kl. 16.00 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje



AKT Svipp

Kollektivt meir tilpassa deg
Eit tilbod frå Agder kollektivtrafikkVi svippar deg
frå dør til dør

AKT Svipp i Bykle er ei samkøyringsteneste for alle i Bykle kommune.
 Vi hentar deg der du er, og køyrer deg dit du skal innanfor gyldigheitsområdet.

Dette er AKT Svipp:

- AKT Svipp blir køyrt med eigen minibuss måndag og torsdag mellom kl. 8.30 og 14.30. Minibussen hentar deg heime til avtalt tid, og køyrer deg dit du skal innanfor området der du kan reise med AKT Svipp.
- AKT Svipp er ei samkøyringsteneste, og dette inneber at det kan kome på fleire passasjerar på bussen under turen. Hugs å rekne god tid dersom du har ein avtale til eit bestemt klokkeslett.
- Du kan bestille reise 1 veke fram i tid, og du kan ha 10 aktive bestillingar om gongen. Oppgi kva tid du ønsker å bli henta og køyrd heim att, om du treng hjelp med handlenett og liknande, eller om du har med hjelpemiddel som til dømes rullator eller rullestol.

Bestill
 Svippetur på
svipp.akt.no
 eller på telefon
 907 16 815

Jakt i Bykle Statsallmenning

Bykle Fjellstyre minner om at søknadsfristen for reinsdyrjakt og småviltjakt i Bykle Statsallmenning er 1.juni. Søknad kan sendast pr e-post til: bykle@fjellstyrene.no

For meir info om jakt, fiske, leige av båt og hytte, sjekk vår nett-side www.byklefjellstyre.no

Søknader til Bygdejakta – villrein i Njardarheim skal i år gå via www.inatur.no. Bygdejakkort vil også i år kunne nyttast i Bykle Statsallmenning. Søknadsfristen er 1.juni.

Bykle Fjellstyre

Kulturkafé

Kulturkafésesongen er ferdig

Om du har idear for tema til Kulturkafé til hausten, meld dei inn til oss til epost: samfunnshuset@bykle.kommune.no



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 15. kvar månad.

www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument finn de på heimesida

Informasjon frå Helsetenesta i Bykle og Valle

På grunn av sjukdom vil det i tida framover vere redusert kapasitet på legekontora i Valle, Bykle og Hovden. Dag Skagestad vil vere vikar i Valle enkelte dagar i april og mai. 1.juni 2023 byrjar Kristine Dås vand i eitt års vikariat hjå oss. Ho vil tenestegjere på alle kontora.

Datoar å merke seg:

Onsdag 26. april: Valle legekantor stengt. Samdrift av legekontora på Bykle legekantor.

Måndag 1. mai: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Tysdag 16. mai: Hovden legekantor stengt. Samdrift av legekontora på Valle legekantor.

Onsdag 17. mai: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Torsdag 18. mai: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Fredag 19. mai: Valle legekantor stengt. Samdrift av legekontora på Hovden legekantor.

Måndag 29. mai: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Du kan nå ditt legekantor på dei vanlege telefonnummera, sjølv om det er samdrift.

Valle tlf. 37 93 75 40

Bykle tlf. 37 93 86 70

Hovden tlf. 37 93 86 80

Legevakt: 116 117

Høyrsele

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 24. mai. Dette er eit tilbud til deg som allereie har høyreapparat.

Ønskjer du time ta kontakt med høyrselekontakt i kommunen: Annette Trydal, telefon 91641495, epost annette.trydal@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 03.05, 31.05

Matavfall: 03.05, 12.05, 31.05

Papir, glass/metall, plast: 12.05

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30 **Stengt 18.05**

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tilskotsordning – energieffektivisering

Bykle kommune vil vere ein pådrivar for ei grøn og berekraftig utvikling. Ein har no fått på plass ei lokal ordning kor både private bustader, næringsliv og lag/organisasjonar kan søkja om tilskot til eit eller fleire energieffektiviserande tiltak.

Innkomne søknader vil bli behandla fortløpande og i etterkant av kvar søknadsfrist, så lenge ordninga varer.

Søknadsfristen er 1. mars og 1. september

Meir informasjon og detaljar om ordninga finn du på kommunens heimeside.

Bostøtte

for deg som har låg inntekt og høge buutgifter. Sjekk husbanken.no/bostotte

Rådhuset er stengt 19. mai

(i tillegg til dei raude dagane)

Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek

Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag - Torsdag 8-21, Fredag 8-16

Stengt 1., 17., 18., 19. og 29 mai

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-16.30, Onsdag 13-15, Torsdag 10-16.30

Stengt 1., 17., 18. og 29. Mai.

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

grendehuset@bykle.kommune.no / tlf: 90216856

samfunnshuset@bykle.kommune.no / tlf: 47685262

biblioteket@bykle.kommune.no / FB: Bykle folkebibliotek



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester i mai

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje, søndag 7.mai kl 16.00

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje, onsdag 17.mai kl 16.00

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje, søndag 28.mai kl 17.00

Møte på Klippen

Laurdag 13.mai kl 17.00 med Ole Bjørn og Edny Saltnes


Onsdag 31.mai kl 18.00 med Per Emanuelen, kveldsmat

Gospel-kveld i Skafsåheii Fjellkyrkje

Fredag 5. mai kl. 1900

Fredheimkoret frå Kviteseid byr på frisk gospelsong, allsong, enkel servering, kollekt. **Velkomen!**

Arr: Fjellkyrkjelaget



BYKLE & VALLE
KUNSTLAG

Årsmøte for Bykle og Valle kunstlag

Styret har gleden av å invitere alle medlemmer til årsmøte 2023

Tidspunkt: Torsdag 25 mai

Sted: Møterom, Hovdestøylen, 4755 Hovden

Foredrag, enkelt servering

Velkommen!

NB! Frist for påmelding

Snarest mulig, men senest mandag 22 mai.

ella@uleberg.no / Tel. 959 69 999



BYKLE
HUSFLIDSLAG



Bykle husflidslag ynskjer alle velkomne til medlemskveld tysdag 13.juni kl 19 på Bykle hotell!

Maria Børkroth kjem og held foredrag om draktutviklinga i Setesdal.

Det vil bli matsservering.

Arrangementet er for alle, gratis for medlemmar /100,- for ikkje-medlemmar.



1. juni er det klart for Sommarles!

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no.

Frå 1. juni kan alle 1. - 7.klassingar i Bykle kommune vere med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år. I fjor deltok over 120 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie, og dermed auke lesekompetansen, i ein periode der han vanlegvis blir svekt. Alle barna får informasjon på skulebiblioteket. Dei får òg med lapp heim. Sommarles.no gjer det gøy å lese!

Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.

Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer frå 1. juni til 31. august. Barna får tilgang til ei spesialskreven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.

I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!

Sommarles.no er utvikla av Vestfold og Telemark fylkesbibliotek og Snuti AS.

Boksirkel

Boksirkelen møtast måndag 15/5 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Pachinko" av Min Jin Lee. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



Kurs i regi av Bykle Husflidlag hausten 2023

Dalebuksekurs v/Laila Rysstad. Kurset er på 150 timar og startar opp tysdag 22.august. Kurset vil gå på tysdagar frå kl 17-22. Bindande påmelding innan 20.juni. Andre kurs kjem etterkvart, og vil bli annonsert til hausten.

Medlemspris 40,-/time, ikkje medl. 70,-/time. Utgifter til materiell kjem i tillegg.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: jorgine@online.no

